



Runar Frå Kinsarvik med bær til 40 kroner

Kampen om den norske jordbæra er i gang også her i Uskedalen. og kven som vinn er det ikkje lett å meina noko om.

Idag sat Arne Mæland frå Tysnes og Runar Lutro (14) frå Kinsarvik ved Gamleskulen og baud fram bær frå Årbakka på Tysnes for 40 kroner korga.

SPAR kunne på si side lokke med Austlandsbær til halve prisen, nærare bestemt 19,90!



SPAR med bær til 19,90

-Det er ikkje så lett å konkurrera mot slike kampanjar i butikkane, innrømte Mæland som også innrømte tregt sal.

- Men vi har gode kort på handa, ikkje minst betre kvalitet og friskare bær, la han til'.

Utan å ta standpunkt i den lokale jordbærkampen kan vi konstatere at Austlandsbæra, som kjem frå Bama, ikkje var så modne som Tysnesbæra. Dei langreste var tildels heller kvite. Så får det vera opp til einkvar å velja.

Gunn Mari Moberg i SPAR trur i alle fall at jordbæra 'hennes' neppe blir billigare enn no.

Tysnesingen sel bær frå eit 5 mål stort felt som sonen Åge Mæland og Arnt Bakke eig. Dei satsar på direktesal heime på øya og i Kvinnherad. På denne sida av fjorden satsar dei mest og omtrent likt på Rosendal og Tysnes.

Sesongen plar vara frå 1. juli til 10. august og slik blir det nok også i år.. Men salet var betre i fjor. og Uskedalen var dei berre såvidt innom.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen